



Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

LANDBRUKSDEPARTEMENTET	
Saksnr.: 2003 1 00617	Doknr.: 83
Mottatt: 29 APR 2003	
Saksbeh.: MH/MAT/WRØ	Ark.: 66
Kopi:	Avskr.:

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200302674-2/021/SHAN

Dykkar ref.:
2003/00323

Bergen, 25. april 2003

Høringsnotat om framtidig organisering av laboratorietenestene på matområdet mv. Administrativ fråsegn.

Vi viser til brev datert 20.02.03 med høyringsnotat og vedlagte utredning (AGENDA-rapporten). Denne høyringsfråsegna er gitt frå den administrative eininga 'Verdiskaping i kystsona' i Hordaland Fylkeskommune, som m.a. fokuserar på rammevilkår for havbruksnæringa i fylket, og tar difor fyrst og fremst opp eventuelle verknader for havbruksnæringa. Saka er pga kort høyringsfrist ikkje lagt fram for politisk behandling.

Bakgrunn

Bakgrunn for forslaget om framtidig organisering av laboratorietenestene er strukturendringar og omorganisering i det statlege ansvarsområde knytt til matvaretryggleik. Dette inneber m.a. **ny matlov** og samordning av tilsyn med land- og sjøbasert matproduksjon ved oppretting av det **statlege Mattilsynet** (frå 1. jan 2004).

I samband med stortinget si handsaming av St. prp. nr 63 (2001-2002) og St.prp nr. nr 1 tillegg nr 8 (2002-2003) har Stortinget gitt føringar for **framtidig organisering av laboratorietenestene på matområdet**. Vidare signaliserte Landbruksdepartementet at problemstillingane knytt til laboratorietenestene skulle vurderast nærare.

Det nye Mattilsynet vil ha trong for laboratorietenester for dokumentasjons- og vurderingsgrunnlag og vil vere "bestillar" av laboratorietenester. I tillegg vil næringsaktørar, kommunar og privatpersonar ha trong for tilfredstillande laboratorietilbod. Det vert understreka at staten også i framtida skal ha det overordna ansvaret for at det skal vere tilgang på fullverdige laboratorietenester. Strukturendringa som er føreslege inneber organisatorisk opprydding og større grad av konkurranseutsetjing. Det siste vil og gjelde deler av verksemda i dei statlege laboratoria. Målet er å få redusert overkapasitet på analysesida, få etablert ein desentralisert struktur og ei betre geografisk fordeling av tenestene. Som eksempel vert det nemnd at det innafor kva region skal finnast laboratoria med kjemisk og mikrobiologisk analysekapasitet. Føringane frå stortinget inneber at marknadsprinsipp skal styre laboratorietenestene noko som vil verte styrande for struktur og pris på desse tenestene. Det nye Mattilsynet vil verte den største "etterspørre" av tenester og statlege midlar skal kanalisert gjennom Mattilsynet.

Vi er opptekne av at måla i St.prp nr 63 (2001-2002) vert lagt til grunn i framtidig laboratoriestruktur og peiker her på viktige moment i høve til verknader for havbruksnæringa i Hordaland generelt og dei særlege behova som skjelnæringa har og vil ha i framtida.

Generelt om nærleik og pris

Erfaringar frå privatisering i Sverige var m.a. at tilbodet vart redusert i perifere strøk i nord-Sverige, og at prisen gjekk opp for små brukarar som ikkje hadde så sterk forhandlingsposisjon. Som ei generell oppfølging av privatiseringa må ein sikra at laboratorietenestene blir tilgjengelige i rimeleg nærleik av brukarane, og då særleg analyser som det er hyppig behov for. Infrastruktur og kommunikasjon lokalt/regionalt må vere ein premiss i organisering og lokaliseringsspørsmål. Vi er og oppteken av at ein fylgjer opp at den nye organiseringa og konkurranseutsettinga av laboratorietenestene ikkje medfører at prisen på naudsynte analyser vert for høge for brukarane.

Sikra kvalitet ved å oppretthalde kompetansemiljø, forvaltingsstøtte og beredskap

Vi legg til grunn at trongen for tilsyn og kontroll på matområdet vil auke i tida framover og er opptekne av at eksisterande kompetanse-miljø/FoU-miljø vert oppretthaldt, vidareutvikla og styrkt. Det er difor viktig at kvalitet på tenestene, kapasitet til FoU-oppgåver og forvaltningstøtte også på regionalt nivå ikkje vert svekka ved auka privatisering og konkurranseutsetjing. Vi vil vidare understreke at ein god beredskap for å sikre dyre- og fiskehelse vert naudsynt for å kunne møte framtidige utfordringar i høve til ein internasjonal marknad. Ein bør difor vurderer om ikkje bakteriologiske tenester, diagnostikk og beredskapsoppgåver framleis bør vere statlege oppgåver. Vi meiner det er viktig at veterinærinstituttet sine regionale laboratoria framleis vert vidareutvikla som kompetansesenter. Den faglege dialogen og synergieffekten av samlokaliseringa av dei ulike laboratoria på Bontelabo i Bergen må ikkje svekkjast i samband med ny organisering og auka privatisering av laboratorietenestene.

Skjelnæringa og algetoksin-testing

Skjelnæringa er ei ny næring i Noreg som er inne i eit positiv utvikling (I 2002 var det 35 haustarar av blåskjel og i 2003 vert det truleg 65). Eit av problema for skjelnæringa er at innhaldet av alggift i skjelmaten tidvis er for høg og hindrar jamn levering. Sidan 1998 har det vore øyremerka midlar til algetoksintestinga, noko som ha ført til at Noregs Veterinærhøgskule har eit av dei beste laboratoria i Europa. Laboratoriet baserer seg på kjemisk testing som no er i ferd med å bli akseptert i EU. Kapasiteten for rutinetesting av alggift ved hjelp av musetest er i ferd med å bli ein flaskehals. Det er oppretta eit mellombels tilbod i Trondheim som skal avhjelpe situasjonen. Pr i dag er analysekapasiteten for dårleg, og den store avstanden frå dyrkar til laboratorie gjer det tidkrevjande og kostbart. Dette er med å svekkja konkurranseevna i forhold til utanlandske produsentar som mange stader ikkje har utgifter i samband med analyser. I framtida er næringa heilt avhengig av eit tilfredstillande analyseapparat som både har kapasitet og kvalitet til å møte ei veksande næring sine behov.

I tillegg til betre kjemisk analysekapasitet trengs det effektivisering og forenkling t.d. utvikling av hurtigtestar som supplement for å få gjere testinga meir effektiv og for å få ned kostnadene for næringa.

For skjelnæringa på Vestlandet er det viktig at ein ny struktur for laboratorietenestene legg opp til å sikre behovet som næringa har for laboratorietenester med omsyn til kapasitet, kvalitet og nærleik i framtida. Det må takas høgd for at det må finnes statlege laboratoria/ nasjonale referanseinstitutt med kompetanse og kapasitet til å greia ut nye problemområde samt utvikle og effektivisere analysemetodar og utvikle spesialtilpassa hurtigtestar. Det er viktig at ei auka konkurranseutsetting også av statlege laboratorium ikkje fører til at analysane vert så kostbare at det svekkjer konkurranseevna for næringa. Dette vil særleg gjelde dersom skjeldyrkarane må betale full pris for dei kostbare kjemiske analysane av alggifter.

Kari Holmefjord

Kari Holmefjord



Siri Hanson